
Vår referanse 2020/72067-9
Dato 27.05.2021

BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dykkar ref. 2021/25134

Forslag til freding av Stranges stiftelse i Bergen kommune - handsaming i bystyret

Vestland fylkeskommune sendte den 17. mars 2021 forslag om freding av Stranges stiftelse i Bergen ut til dei berørte partane. Samstundes vart forslag om freding lagt ut til offentleg ettersyn.

Etter at fristen for offentleg ettersyn er over skal saka handsamast i kommunestyret, jf. sakshandsamingsreglane for fredingssaker i Lov om kulturminne § 22. Når forslag om freding er handsama i bystyret i Bergen vil Vestland fylkeskommune gå igjennom forslag om freding på nytt og vurdere endringar på bakgrunn av tilbakemeldingane frå høyingsrunden og handsaminga i kommunestyret.

Vedlagt er forslag om freding med dokumentasjonsvedlegg, samt kopi av innkomne merknadar til forslag om freding, Vestland fylkeskommune si oppsummering av dei innkomne merknadane og fylkeskommunen sine kommentarar til dei.

Vi gjer merksam på at trappen inn til bygningen ligg på offentleg grunn gnr/bnr 165/1129. Det er ønskjeleg å ta denne med i fredinga, då den er ein opphaveleg del av bygningen og har kulturminneverdi. Forslaget til freding er utforma slik at trappen som ligg på Bergen kommune sin grunn kjem med i fredinga, elles følger avgrensninga av fredinga eigedomsgrensene til Stranges stiftelse gnr/bnr 165/272. Vi vurderer dei praktiske konsekvensane som små, i og med at er snakk om to-tre trappetrinn på eit samla areal på omlag 0,5 x 1 meter, som går ut i fortauet.

Vi syner til tidlegare dialog med seksjonssjef Marit Sørstrøm ved kommunaldirektøren sin stab i Bergen kommune, og ber om at saka vert handsama i bystyret i Bergen innan 22. september 2021.

Med helsing

Eva Moberg
fagleiar

Peter Forras
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Stranges Stiftelse_Fredingsforslag_etter 1ste høring
- 2 Stranges stiftelse_Fredingsdokumentasjon_del 1_etter 1ste høring
- 3 Stranges stiftelse Fredingsdokumentasjon_del 2_etter 1ste høring
- 4 Innkomne merkmadar til framlegg om freding av Stranges stiftelse til offentlig høyring 28 apri
- 5 Høringsuttalelse_Fortidsminneforeningen Hordaland
- 6 Høringsuttalelse_Fortidsminneforeningen Hordaland_vedlegg

- 7 Høringsuttalelse_Fortidsminneforeningen sentralt
- 8 Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering 28 april 2021_Fredingsforslag
Stranges stiftelse

Kopi til:

RIKSANTIKVARE Postboks 1483 Vika
N